

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Lesa ei bok • Kunna seie noko om handling og tema i boka • Visa at du kan ha ein litteratursamtale ut i frå bestemte kriterium
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Reading, writing and speaking about the history, culture and languages of Indigenous peoples • Using active and passive voice • Improving your writing
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva som kjenneteiknar ein graf, eit funksjonsuttrykk, ein situasjon og ein tabell som representerer ein eksponentialfunksjon
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av den kalde krigen • Vurdera den kalde krigen ut frå ulike perspektiv • Forklara kva teknologi har å seie for enkeltmennesket og samfunnet • Trekkja historiske linjer fram til i dag • Forklara ulike måtar å fordele makt og styre eit samfunn
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna omgrepet: religionsfridom. NB! Ta med «Store spørsmål» boka
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Forklara kva bakteriar og virus er, og gje nokre døme på sjukdommar dei kan føre til • Gjera greie for immunforsvaret og forklara funksjonen til nokre sentrale celler • Gjera greie for kva ein vaksine er, og forklara korleis han fungerer • Finna dagsaktuell forskning på vaksinar og gjera greie for korleis vaksinar blir utvikla, testa og tekne i bruk på menneske
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Spansktalande land • Snakka om ei reise • Uttrykk for å samanlikna
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna snakka og skriva om framtid, interesse, yrke og utdanning
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Formidla eigne opplevingar av musikk og filmar eller teater til andre • Formidla medieoppslag frå sjølvvalte engelskspråklege medium og laga eigne oppslag • Læra skilnaden på it is/there is
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i arbeidsfellesskap og løysa praktiske arbeidsoppdrag • Utvikla kompetanse ved å ta sjølvstendige val i arbeid
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> • Medverka til læring for andre ved å gje positive og konstruktive tilbakemeldingar • Inkludera og spela andre gode • Symjing: kunna dykke, flyte og gjennomføra livredningshopp
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna fleire skotske folkedansar

K&H	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida med oppgåve geriljabroderi eller dyrefigur i tre med samanføyning
Utdanningsval	<ul style="list-style-type: none"> • Legg inn første utkast til vgs-søknad på www.vigo.no
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Treng på og utvikla ferdigheiter i basketball • Vera ein god lagspelar og spele andre gode • Visa forståing for "Fair play"
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida med ny oppgåve «Spel»
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Klassemiljø

INFORMASJON TIL HEIMEN

Godt nytt skuleår!

Me håper alle har hatt ein fin juleferie, og me ynskjer alle eit godt nytt år! Me håper elevane er klare for å jobba godt det siste halvåret av ungdomskulen.

Vgs og innsøking

Elevane må ta med BankID (kodebrikke eller mobiltelefon) eller MinID (mobiltelefon) til utdanningsval-timen i veke 2 og 3. Elevane skal då leggje inn første utkast til vgs-søknad på www.vigo.no. Vigo-søknaden kan endrast fram til endeleg søknadsfrist 1. mars.

Foreldremøte

Det blir foreldremøte onsdag 8. januar kl 18.00 i Aulaen. I møtet vil du få viktig informasjon om vårsemesteret, og rådgjevar Knutzen vil gå gjennom all viktig informasjon i forhold til innsøkinga til vidaregåande skule.

Terminslutt

Fredag i veke 3 er terminslutt, og elevane vil sjå karakterane i Visma måndag 20. januar kl 14.10

Vinterball

Torsdag 23. januar skal det vera vinterball for alle elevane på skulen. Meir informasjon om arrangementet kjem.

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR			
Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Norsk	Bokmelding	Karakter	Veke 2 og 3
10A: Samfunnfag	Omgrepstest	Karakter	Veke 3

HEIMEARBEID VEKE 2	
Norsk	Les 3x20 min i boka di. A, C og D: Rapportert sidetal til lærar på torsdag/ fredag. Øv på bokmeldinga di.
Engelsk	Read the text Indigenous Peoples and do the exercise you'll find on OneNote - home work.
Matematikk	Oppgåve 2.144, 2.145 og 2.146 side 88-89 i oppgåveboka. Legg inn på ON.
Samfunnsfag	Les artiklane « Aust mot vest » og « Frå samarbeid til konflikt » på aunivers. Svar utfyllande på spørsmåla under på OneNote. <ul style="list-style-type: none"> 1. Kva ligg i omgrepet kald krig? 2. Kva ideologiske skilnader hadde USA og Sovjetunionen? <p>NB! Dette gjeld ikkje for 10A.</p>
Naturfag	Sjå gjennom kapittel 5 i Solaris 10. Skriv eit lite avsnitt frå kvar underoverskrift om kva dei ulike emna handlar om på ON.
Spansk	Jobb med presentasjonen om spansktalande land.
Tysk	Sjå OneNote veke 2.
Eng fordj	Write two paragraph in OneNote: Explain what you find positive about talent shows, and describe the negative sides.
Musikk	Møt i aula i musikktilmen. Konsentrer deg om å læra dei skotske folkedansane korrekt. Klesbyte kan vera lurt å ha med, då du vil bli varm.
Utdanningsval	Ta med BankID (kodebrikke eller mobiltelefon) eller MinID (mobiltelefon) til utvtimen.
Friluftsliv	Me møter ved ballbingen. Ta med klede til å vere ute i snøen og noko å ake på viss du vil.

HEIMEARBEID VEKE 3	
Norsk	Les 3x20 min i boka di. A, C og D: Rapportert sidetal til lærar på torsdag/ fredag. Øv på bokmeldinga di.
Engelsk	Sjå oppgåve på OneNote – Home work
Matematikk	Oppgåve 2.147 og 2.148 side 90-91 i oppgåveboka. Legg inn på ON.

Samfunnsfag	<p>Les artikkelen "Europa blir delt" på aunivers.</p> <p>Skriv eit samandrag av artikkelen. Pass på å få med kva som ligg i omgrepa <i>Marshallplanen</i>, <i>NATO</i>, <i>Warszawapakta</i> og <i>Berlinmuren</i>.</p> <p>NB! Dette gjeld ikkje for 10A.</p>
Naturfag	Finn ut kva ulike vaksinar du har fått frå du blei født og fram til i dag.
Spansk	Hva har du gjort i juleferien? Skriv 5 setningar med bindeord og relevant innhald.
Tysk	Sjå OneNote veke 3.
Eng fordj	Have you seen a musical? If you have, write a paragraph about it. If you haven't, find information about one musical and write down some facts.
Musikk	Møt i aula i musikktilimen. Konsentrer deg om å læra dei skotske folkedansane korrekt. Klesbyte kan vera lurt å ha med, då du vil bli varm.
Utdanningsval	Ta med BankID (kodebrikke eller mobiltelefon) eller MinID (mobiltelefon) til utv-timen.
Friluftsliv	Beskjed kjem i Teams. Me ser an veret.